

-Milde himmel for ei helg

(Foto: Stig Framnes)

**For eit publikum, for ein stemning,
for ein musikk, for
ei gjørme og for ein suksess.
Og for ein Sivert Høyem!**

**Slik konkluderar Festidalen under titelen
Å HJELPE OSS OG MILDE HIMMEL FOR EI HELG**

Festivalleiinga held fram slik;

Festidalen 2014 er no historie. Fire intense dagar med kulturelt mangfald er over, fire dagar med verkstadar og framsyning for born og unge, Festitaren for familiar, sjakk- og ølseminar for vaksne, næringsseminar, festivalfrukost, søndagskonsert og to magiske utselde kveldar med ni konsertar på jordet.

Kring 3000 personar har delteke på eitt av våre mange ulike arrangement, den yngste eitt år gamal, den eldste kring 90.

Vi har hatt gjestar frå Kvinnherad og kommunane ikring i Sunnhordland og Hardanger, frå Haugalandet, Bergensområdet, austlandet og sørlandet. Og frå Austerrike og Belgia. Fredag og laurdag var det 1800 personar på jordet kvar kveld, dette inkluderer Sivert Høyem som flaut oppå publikum og som forlot oss med stjerner i augo.

Ord vert fattige, men det vert ikkje vi, vi er styrtrike på gode opplevingar og vakre minner. Festidalen er kreativitet og skapartrong satt i system, og meir enn 250 eldsjelar har træla før og under festivalen for å gje våre gjester ei fullkomen festivaloppleving.

Tre hovudsponsorar og eit utal mindre sponsorar har investert i Festidalen av di dei har hatt trua på prosjektet og vi opplever at eit samla lokalsamfunn ynskjer oss det beste.

Festidalen ynskjer også lokalsamfunnet det beste, dette er igrunnen vår største drivkraft og vi gler oss allereie stort til Festidalen 2015.

TAKK FOR I ÅR